

*Til høyringspartane*

Forslag til «Regional delplan for attraktive byar og tettstader» (senterstrukturplan) vart sendt ut til høyring rett før sommaren. I planen er det vist til ein eigen handelsanalyse for Møre og Romsdal, utarbeidd av Asplan Viak. Rapporten er no ferdig og vert med dette sendt til høyringspartane til orientering. Planen er eit vedlegg til senterstrukturplanen.

Vi vil også gjere merksam på følgjande vedtak i fylkesutvalet 25.08.14 – sak U 81/14, som vil vere førande for fylkeskommunen si vidare handsaming av senterstrukturplanen:

«Fylkesutvalet har tidlegare gått inn for å godta etablering av 9000 m<sup>2</sup> detaljhandel på Digernes næringsområde. Fylkesutvalet vil stå fast på dette og vil legge til rette for dette ved vedtak i Fylkesplanen.»

Vi minner om at høyringsfristen er 1. oktober 2014. I løpet av september vil vi saman med regionråda invitere kommunane og næringslivet til informasjons- og høyringsmøte i Kristiansund, Molde og Ålesund. Nærare invitasjon til desse følger seinare.

Saksdokumenta er lagt ut på [www.mrfylke.no/medverknad](http://www.mrfylke.no/medverknad), og høyringsuttalar kan sendast på e-post til [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no).

Med helsing

Ole Helge Haugen  
Fylkesplansjef

Max Ingar Mørk  
Fylkesplanleggar